

TEMAPLAN NATURMANGFALD 2026 - 2040

SULA KOMMUNE

KOMMUNESTYREVEDTAK X/26 - FORSLAG TIL OFFENTLEG ETTERSYN



Foto: Ingrid Amalie Hagen

Formål med temaplan

Temaplan for naturmangfald skal gjere greie for Sula kommune si viktig rolle i å sikre god forvaltning av naturen. Sula kommune vil bidra til å ta vare på naturmangfald, ved å ta gode val. Arealendringar er i dag den største påverknaden på naturmangfaldet. Temaplan for naturmangfald, er ikkje juridisk bindande, planen er eit kunnskapsgrunnlag og verktøy for arealplanlegging og offentleg forvaltning.

Temaplanen skal bidra til å redusere tapet av biologisk mangfald og sikre naturfunksjonar gjennom forvaltning. Temaplanen skal gi kunnskap og vere ein ressursbank for naturverdiar på ein systematisk og tilgjengeleg måte, løfte fram korleis Sula kommune vil vere med på å ivareta naturen og mangfaldet naturen byr på. Kommuneplan sin arealdel er juridisk bindande med kart føresegner. Sula kommune vil forankre konkrete tiltak for å ivareta naturmangfald i arealplan, jf. stadfesta planprogram K-sak 075/25.



Innhald

1.	Rammer for planarbeidet	2
1.1	Rammer for temaplanen.....	2
1.2	Politisk forankring for temaplan, naturmangfald.....	4
2.	Formål med planarbeidet	8
3.	Naturmangfald i Sula kommune	9
3.1	Kartlegging av arter i naturmangfaldsplanen.....	9
3.2	Kjende kartleggingar	9
3.3	Eksisterande kartlegging i Sula kommune.....	10
3.4	Biologisk mangfald i Sula kommune	10
3.5	Naturmangfaldsretteleiarar ved arealplanlegging	10
3.6	Sjøareal	11
4.	Overordna føringar	13
4.1	Nasjonale forventningar til regional og kommunal planlegging	13
4.2	Norsk handlingsplan for naturmangfald (Meld.St.14)	13
4.3	Regionalt for Møre og Romsdal	14
4.4	Naturmangfaldslova.....	15
5.	Medverknad.....	16
5.1	Planprosess	16
5.2	Medverknad.....	16
6.	Kommunen som forvaltningsorgan	17
6.1	Sula kommune som forvaltningsorgan	17
6.2	Kommunen sine einingar tek vare på naturmangfald gjennom god forvaltning	17
6.3	Plan, bygg og geodata – nøkkelrolle i arealforvaltninga	17
6.4	Tiltak i sjø og strandsona – eit særleg ansvar i forvaltninga	19
6.5	Drift og vedlikehald – å forvalte kommunens eigne områder	19
6.6	Friluftsliv og fjell – berekraftig bruk av Sulafjellet.....	19
6.7	Oppvekst og utdanning – barn og unge som ressurs.....	19
6.8	Tverrfagleg samarbeid og ressursbehov	20
6.9	Brannførebygging, branntryggleik og naturmangfald.....	20
7	Behov for nye kartleggingar av naturområde	21
7.1	Natur som ikkje er kartlagd.....	21
7.2	Planomtaler i gjeldande reguleringsplanar	21
	Vedlegg til temaplanen.....	23



1. Rammer for planarbeidet


1.1 Rammer for temaplanen

Naturmangfaldsplanen er ein temaplan – for eit særskilt tema- naturmangfald. Temaplanen er utarbeidd i tråd med, og heimla i [Lov om planlegging og byggesaksbehandling \(plan- og bygningsloven\) - Lovdata](#) som prosesslov, og [Lov om forvaltning av naturens mangfold \(naturmangfoldloven\) - Lovdata](#)

Temaplan for naturmangfald er vedteke i Plan og miljøutvalet sak nr. x/26 og Kommunestyre sak nr. x/26. Planarbeidet er utført i tråd med plan- og bygningsloven §§ 4.1, 11.12 og 11.13, utan krav til konsekvensutgreiing.

Plan og miljøutvalet vedtok i sak. 012/26 at temaplanen skal vere i tråd med vedteken samfunnsplan, kommunen sin overordna plan. Planprogrammet vart stadfesta i Plan og miljøutvalet sak 41/26. Samfunnsplan 2025-2035 er vedtatt i Sula kommunestyre i K-sak nr. 036/25 den 24.04.2025. Vilje til å lykkast saman gjeld også for naturmangfaldet.

Målsettinga med temaplanen er å få oversikt over kva Sula kommune har av verdifullt naturmangfald og kva vi står i fare for å miste, som fylgje av godkjente planar til utbygging. Temaplanen er eit kompetansegrunnlag som vil bli nytta i offentleg forvaltning og i revisjon av kommuneplanen sin arealdel. Temaplanen kan nyttast ved planvask, eller for eldre reguleringsplanar som er i strid med gjeldande [Nasjonale forventningar til regional og kommunal planlegging 2023-2027](#)



Nye statlige planretningslinjene (SPR), for klima og energi og arealbruk og mobilitet, ble vedtatt i desember 2024. [Nye statlige planretningslinjer for klima, energi, arealbruk og mobilitet - miljodirektoratet.no](#) er retningslinjer som vert nytta i planarbeid etter plan og bygningsloven.

I Meld.St.14 (2015-2015) [Natur for livet- Norsk handlingsplan for naturmangfold](#) legg regjeringa inn nasjonale krav til forvaltning av naturmangfald i Norge, direkte knytt til kommunane. Meldinga fastsett at kommunane si kompetanse om naturmangfald skal styrkast.

Nasjonale forventningar gjev Sula kommune som planmynde lokale føringar om at kommunane ved revisjon av kommuneplanen sin arealdel bør vurdere om vedteken arealbruk svarar til framtida sine behov. **Å ta omsyn til naturmangfald i arealforvaltninga er ikkje eit val, men eit pålagt krav alle kommunar skal etterkome i sine lokale vedtak knytt til arealbruk.**

Føreseileg naturmangfaldsplan vil legge grunnlag for respekt, tillit og samarbeid for næringsutvikling. Regelverk og rammeverk som understøtter ønska endring skal vere tydelege og ha føreseilege krav.



Trugsmål mot naturmangfaldet har mange vinklingar. Sabima har gjort greie for fem store trugslar. Sabima er ein miljøorganisasjon som jobbar for å stanse tapet av naturmangfald, foreslå politiske løysningar og spreie kunnskap om økologiske samanhengar. [Trusler mot naturmangfold - Sabima](#) er viktig kunnskap som gjeld for heile Norge og for Sula kommune.

Arealendringar

Når vi gjer inngrep i naturen, blir leveområda til plantar, dyr og sopp påverka. Arealendringar er den største trusselen mot naturmangfaldet. Når areal blir endra eller tekne i bruk på nye måtar, forsvinn eller svekkjast leveområda til artane, og bestandane blir mindre. Naturen blir ofte delt opp i små brotstykke, noko som gjer artane meir sårbare for å døy ut. Oppstykkja natur fører òg til mange små, isolerte bestandar med mindre genetisk variasjon over tid.

Forureining

Forureining er ein trussel mot naturmangfaldet. Forureining er den nest største årsaka til at artar er truga av utrydding i norsk natur. Ti prosent av artane på den norske raudlista er truga av forureining. Dette gjeld artar som lever både i vatn og på land, særleg biller og sopp. Auka tilførsel av næringsstoff, som nitrogen og fosfor, er rekna som den faktoren som påverkar flest artar negativt. Dette inkluderer både utslepp frå transport og lokal forureining og lysforureining.

Klimaendringar

FNs klimapanel anslår at mellom 20 og 30 prosent av artane på jorda står i fare for å døy ut som følgje av menneskeskapte klimaendringar. I Noreg er det særleg plantar, mosar og lav som er negativt påverka av endringane i klimaet. Når klimaet endrar seg og temperaturane stig, vil artane prøve å tilpasse seg, til dømes ved å flytte seg til kjøligare område. Øydelagd natur forsterkar konsekvensane av klimaendringane, og klimaendringane forsterkar igjen naturødelegginga. Desse to krisene verkar saman og gjer situasjonen meir alvorleg for både artar, økosystem og menneske.

Framande artar

Ein framand art er organismar som blir flytta av menneske til stader der dei ikkje naturleg høyrer heime. Nokre framande artar spreier seg raskt og kan bli eit alvorleg miljøproblem. Når ein framand art slepp ut i norsk natur, kan resultatet bli færre artar totalt. Dette kjem av at slike plantar, sopp eller dyr ofte har stor evne til å spreie seg. Om lag éin av ti framande artar i norsk natur toler klimaet så godt at dei tek over landskapet og konkurrerer ut dei artane som finst der frå før. Desse artane kan kome til Noreg utilsikta, for eksempel med ballastvatn eller som blindpassasjerar i jord. Dei kan òg bli innførte med vilje, til dømes fordi dei er populære hageplantar.

Overhausting

Overfiske, overdreven jakt eller sanking kan til slutt utrydde ein art. Når artar blir borte, kan det få ringverknadar i resten av økosystemet dei er en del av. Overhausting er ein trussel mot tap av naturmangfald. Den omfattar alt frå flora- eller faunakriminalitet, sanking eller hausting, regulert eller uregulert jakt, fangst og fiske. Den omfattar også hausting av en anna arts næringsgrunnlag. Om det vert fiska og jakta feil kan artar slite med å overleve, eller vert skadd av fangstaktiviteten.

Sula kommune vil gjennom offentleg forvaltning ta omsyn til trugsmåla for arealendring, forureining, klimaendring framande artar og overhausting ved å ta gode val, for å lykkast saman.



1.2 Politisk forankring for temaplan, naturmangfald

Kommunen sin gjeldande arealplan er vedtatt av kommunestyret i 2015, K-sak 027/15. Sula kommunestyre vedtok *Planstrategi Sula kommune 2024-2027* den 21.03.2024 i sak 012/24. Planstrategien synleggjer behovet for ein naturmangfaldsplan. Planprogram for arealplan 2026-2038 er fastsett i K-sak nr. 075/25. Samfunnsplanen sine mål og arealstrategiar er førande for temaplanen.

Arealstrategiar i samfunnsplanen:

Sula kommune sine arealstrategiar
Bruk av areal for ønska samfunnsutvikling

- 1 Langevåg er kommunen sitt områdesenter, medan Fiskarstrand/Mauseidvåg og Solavåg er lokalsentra i kommunen. Her skal vi stimulere til ønska samfunnsutvikling og arealbruk.
 - a) Vi skal bidra til at områdesenteret og lokalsentra skal ha tilgjengeleg bustad- og næringsareal, god digital og teknisk infrastruktur, kollektivtilgang, inkluderande møteplassar, areal til kultur, fritids- og idrettsanlegg, og god tilgang til nærtur- og friluftsområde.
 - b) Vi skal bidra til at Langevåg sentrum skal vere eit levande sentrum der ulike funksjonar blir meir samla og blanda. Detaljhandel, kulturinstitusjonar og andre publikumsretta verksemdar skal i hovudsak lokaliseras til Langevåg sentrum.
 - c) Vi skal bidra til å sikre at fortetting og transformasjon vil bli prioritert i og nær Langevåg sentrum og eksisterande utbyggingsområde i lokalsentra i Solavåg og Fiskarstrand/Mauseidvåg, for å redusere behovet for å ta i bruk nye utbyggingsområde.
 - d) Vi skal bidra til å sikre mangfald og variasjon i bustadtilbodet, ivareta bustadsosiale omsyn og legge vekt på gode bumiljø.
- 2 Vi skal samarbeide med nabokommunane og fylkeskommunal og statleg vegmynde for å sikre gode løysingar for kommunen sitt transportnett. Dette omfattar mellom anna fokus på utviding av kollektivtilbod, tilrettelegging for pendling (inn og ut av kommunen) og sikkerheit.
- 3 Vi skal legge til rette for gode og samanhengande gang- og sykkelveggar, spesielt i sentrum og langs skuleveggar.
- 4 Vi skal sikre areal til vidareutvikling og nyetablering av offentlege funksjonar, samt legge til rette for løysingar for fellesskapet. Dette gjeld til dømes løysingar som inviterer til felles arealbruk.
- 5 Vi skal sikre at kommunen har tilgang på ulike typar næringsareal. Nye næringsareal skal i hovudsak vere knytt til hovudvegnettet og traséar for kollektivtransport, eller vere sjønært. Områder avsett til næringsformål skal ha høg arealutnytting.
- 6 Vi skal bidra til å sikre at sjøareala blir brukt på ein berekraftig måte, og slik at dei er open for ulik og allmenn bruk, som friluftsliv, naturmangfald og næringsverksemd. Sikring av økosystem og marint liv for framtidige generasjonar skal ha høg prioritet.
- 7 Vi skal fortrinnsvis gjenbruke og fortette område som allereie er utbygd framfor å ta i bruk nye natur- og landbruksområde.
- 8 Vi skal ta vare på viktige natur- og friluftslivsområde, og legge til rette for at innbyggjarane har god tilgang til områda.
- 9 Vi skal ta vare på verdifulle naturtypar, biologisk mangfald og kulturminne/kulturmiljø.
- 10 Lokalisering av naust og fritidsbustader skal ikkje vere i konflikt med viktige allmenne interesser eller natur- og friluftsområde.
- 11 Arealforvaltninga i kommunen skal ta omsyn til heilskapleg risiko- og sårbarheitsanalyse slik at vi kan førebygge uønske hendingar.

Samfunnsplanen sine mål:

Mål for Sula kommune 2025-2035
Vilje til å lukkast saman

Samfunnsmål 1 BARN OG UNGE I SULA SKAL HA GODE OPPVEKSTVILKÅR	Samfunnsmål 2 SULA HAR INKLUDERANDE LOKALSAMFUNN FOR INNBYGGERAR I ALLE LIVSFASAR	Samfunnsmål 3 SULA ER EIN TRYGG KOMMUNE FOR FOLK OG NATUR	Samfunnsmål 4 I SULA SAMARBEIDER KOMMUNEN, FRIVILLIGHEITA, NÆRINGSLIVET OG INNBYGGERAR	Samfunnsmål 5 SULA KOMMUNE ER EIN NYTENKANDE OG ATTRAKTIV ARBEIDSGJEVAR
---	---	---	--	---

Samfunnsplan viser at naturmangfald og menneske er avhengig av eit berekraftig naturmangfald, artsmangfald, gjenbruk, fortetting og å ta vare på verdifulle naturtyper. Kommunane har gjennom plan- og bygningslova ansvaret for å disponere areala i Noreg. Miljødirektoratet viser til at areal som har ein viktig funksjon for naturmangfald skal takast omsyn til gjennom arealplanlegging. Kommuneplan sin arealdel blir juridisk styringsverktøy for berekraftig samfunnsutvikling.

[Samfunnsplan - Sula kommune](#)

Kunnskapsgrunnlaget for samfunnsplanen er kunnskapsanalyser, fakta og statistikk for å ta gode val:

- [planar og andre styringsdokument i Sula kommune.](#)
- [Kunnskapsgrunnlag for samfunnsplanen](#)
- [Analyse av bustadbehov for eldre innbyggjarar fram mot 2040](#)
- [Folkehelseoversikt Sula kommune 2021 \(PDF, 2 MB\)](#)
- [Statistikk for Sula kommune for 2023 utarbeida av Møre og Romsdal fylkeskommune](#)
- [Sula kommune sin samfunnsplan 2010-2020 \(PDF, 2 MB\)](#)




Sosiale forhold. Ein av dei store fordelane med å bu i Sula er kombinasjonen korte reiseavstand til by og eit stort arbeidsmarknad, og kort avstand til vakker natur. I ein travel kvardag gir naturen rom for avkopling, opplevingar og ro, som er positivt for trivsel, fysisk helse og psykisk velvære. I medverknadsporsessen ser vi igjen at det er stor vilje til å ta vare på naturen og naturmangfaldet.

Økonomiske og organisatoriske forhold. Å ta vare på naturmangfaldet er ei viktig økonomisk investering, både i Sula lokalt, for Noreg og verda elles. Næringslivet i Sula er sterkt knytt til naturressursar både på land og i havet. Kartet syner næringsstrukturen i Sula kommunen. Framtidig økonomisk utvikling og ivaretaking av naturmangfald er gjensidig avhengig. Kostnader knytt til restaurering, kunnskapsheving og forvaltning må sjåast i samanheng i eit heilskapleg bilete.

Næringsstruktur og sysselsetting



Næringsstruktur



Sula kommune

Kjelde: SSB



Miljømessige forhold. Natur og klima er tett knytt saman. Det er ikkje mogleg å ta vare på naturen utan å ta omsyn til klimaendringar, og det er heller ikkje mogleg å løyse klimautfordringane utan å ta vare på naturmangfaldet. Eit rikt naturmangfald er viktig for å motverke klimaendringar, mellom anna gjennom naturens evne til å lagre karbon og regulere miljøprosessar. Figuren under er laga av [Norsk Klimaservicesenter](#) og sannsynlighetsdøme på Framtidas klima. Moglegheiter og utfordringar i Sula kommune sin samfunnsplan peikar på tryggleik-, beredskap- og infrastrukturplanlegging.





Naturvernområder. Samfunnsplanen viser til fem naturvernområde i Sula kommune:

- Djupvikvatnet – Kringlevatnet (naturreservat, annan fredning)
- Raudnesvika (naturreservat)
- Sulesund (naturreservat)
- Solevågsfjellet (naturreservat)
- Vegsunholmane – Veibustholmen (naturreservat)

Arealplan vil ha fokus på naturvernområder og ferdselsårer i heile Sula. Viktige ferdselsårer er kartlagt både i 2008, i 2020 (ID 15/158-2 i møte den 20-01-2020) og ved reguleringsplan på Sulafjellet. [KU-en](#) har kartlagt areal som særskilt viktig friluftslivsområde. Areal kan gis omsynssoner i arealplanen.

Sula kommune ønsker å tilfredsstille krav for vassforsyning, avløp og overvatn

[Kommunedelplanen](#) for vassforsyning, avløp og overvatn skal støtte kommunen sine mål, ivareta nasjonale og regionale føringar og leggje grunnlag for vidare tiltak gjennom kartlegging av dagens situasjon, og har ein handlingsplan for planperioden 2026-2036. Tiltak frå handlingsplan er iverksett.

ROS og overordna beredskapsplan

ROS-analyser skal gjennomførast ved alle arealplanar, og vil utgjere ein del av avgjerdsgrunnlaget for arealplanen. Planprogrammet viser til krav om konsekvensutgreiing for avsetting av nye område til utbyggingsformål, og endring av utbyggingsformål. Ei anna viktige problemstilling som er fokusert på er å avklare behov for mineralressursar og plassering av massedeponi.

[Beredskapsplanen](#) til sula kommune er godkjent i K-sak 048/25 og vil gjelde også ved naturkatastrofe, planen er tydeleg på kva og kven som har ansvar og skal ta aktive handlingar ved hendingar.


Plan for areal, klima og transport (PAKT).

[PAKT](#) er ein regional plan for berekraftig vekst i Ålesundregionen, vedteke i Sula kommunestyre sak nr. 038/22. I planen blir arealbruk og transport sett i samanheng og i eit klimaperspektiv, saman med FN sine berekraftsmål som eit viktig fundament. Samfunnsplanen viser til berekraftsmål som vist på bilete under. PAKT viser at naturmangfald ikkje er eit tilleggsmoment – det er ein grunnleggjande føresetnad for trygg arealbruk, klimatilpassing, jordvern, friluftsliv og berekraftig samfunnsutvikling. Arealplanen vil kunne sjå på samanheng mellom naturområde, redusert nedbygging, styrking av blågrøn struktur og god forvaltning av karbonrike og vassregulerande naturtypar. PAKT er eit viktig kunnskapsgrunnlag for å ivareta naturmangfald.





Samla arealbruk og arealressursar, i prosent, kommune, fylket og landet, 2025



Figuren ovanfor frå SSB viser arealbruken lokalt for Sula kommune, for fylket og for landet.

Arealstrategiane i samfunnsplanen er tydelege og gjer greie for at Sula kommune ønsker å ta vare på naturmangfaldet, og ønsker å gjere gode val også med tanke på naturmangfaldet.

I Møre og Romsdal er det sett i gang arbeid med mål gitt i fylkesplan som kjem Sula kommune til gode, [Klima i arealplanlegging - Møre og Romsdal fylkeskommune](#).

Eit av måla i Møre og Romsdal sin fylkesplan er:

- Kompetanseheving og kunnskapsutvikling, både kommunalt og samarbeid regionalt og med andre instansar, er ein viktig pådrivar mot det grønne skiftet. Eit prosjekt som er sett i gang er Klima i arealplanlegging av Møre og Romsdal fylkeskommune saman med kommunen.

Verktøy som er utarbeidd av direktoratet, DIBK, og forankra både i regionale og lokale mynde er:

- [Arealrekneskapane](#)
- [Rasterplanar i karbonrike areal](#)

Informasjon som kjem frå bruken av desse verktøya, klima i arealplanlegging, vil gje politikarar og innbyggjarar innsikt i omfang av arealbruk og planlagt arealbruk og tilhøyrande klimagassutslepp. Temaplanen vil vise til tilgjengelege verktøy utan å ta stilling til Sula kommune skal vere arealnøytralt.

Fornybar Norge har laget ein metode for prosjektbasert naturrekneskap, [Naturkompasset](#), datert 01.04.2026. Fornybar Norge har utvikla Naturkompasset for å gjere det enklare å ta gode val for naturen. Det trengst i ei tid der tre store oppgåver må løysast samstundes: kutte utslepp, sikre verdiskaping utover oljealderen og ta vare på naturen.



2. Formål med planarbeidet

Temaplan for naturmangfald skal gjere greie for Sula kommune si viktige rolle i å sikre god forvaltning av naturen, ved å ta gode val. Tydelege og føreseielege krav gir berekraftige løysingar. Likskap i heile landet, vil kunne bidra til utvikling av faktabasert støtteverktøy for naturmangfald. Kommuneplan sin arealdel vil bli Sula kommune sitt viktigaste verktøy for naturmangfaldsforvaltning.

Planens hovudmål og delmål i kommuneplanens samfunnsdel gir i arealstrategiane at Sula kommune skal bidra til å ta vare på naturen og naturmangfaldet, for å lykkast saman.

Sula kommune vil lage ein temaplan for naturmangfald fordi vi vil:

- Etablere eit samla og oppdatert kunnskapsgrunnlag om kvar ein finn registrerte artar, naturtypar og framande skadelege organismar, og rettleiarar ved nye registreringar som grunnlag for offentleg forvaltning.
- Ha berekraftig arealforvaltning med omsyn til naturens mangfald og økologiske prosesser.
- Kunne rettleie i planprosessar og i byggesaker som avdekkar skade på store naturverdiar.
- Ta vare på naturtypar og vere medviten på naturmangfald, både på land og i sjø.
- Auke kompetanse, samle kjent kunnskap om naturmangfald i kommunen, gjere informasjonen tilgjengeleg for kommuneadministrasjonen, politikarar, interesseorganisasjonar, grunneigarar og innbyggjarar.
- Brei medverknad frå barn og unge for å auke kunnskap og eigarskap til naturen
- Gjere kjent kor ein kan finne kartfesta viktige område for naturmangfald lokalt, regionalt og nasjonalt for å redusere tap av naturmangfald som gir grunnlag for å ta gode val.
- Berekraftig vilt og viltforvaltning, inkludert fallvilt. Trygge leveområder og trekkveier for vilt.
- Gjere kjent m.a. kvar ein finn viktige leveområde for sjøfugl.
- Ha grunnlag for rettleiing ved kartlegging og oppfølging gjennom kommuneplan, strategiar og handlingsprogram.

Handlingsdel:

Sula kommune har ikkje eit vedteke budsjett knytt til temaplan for naturmangfald. Handlingsdelen vil derfor vere retningsgivande for tiltak. Å bruke temaplanen som kunnskapsbase er ei handling som er tett kopla til formålet med temaplanen om å ta vare på naturmangfaldet i Sula kommune. At naturmangfald vert gjort greie for i offentleg forvaltning er ei samfunnsnyttig handling som kan gi store ringverknadar utan at det er talfesta økonomisk, det same gjeld for brei medverknad.

- Kunnskapsgrunnlag for overordna planer og strategiar
- Kunnskapsgrunnlag som bidreg til å unngå nedbygging av naturverdiar
- Naturmangfald skal gjerast greie for i saksframlegg i offentleg forvaltning
- Kunnskapsgrunnlag ved rettleiing i plan- og byggesaker, og offentleg forvaltning generelt
- Dispensasjonsvedtak etter plan og bygningslova kap.19 skal ha fokus på naturmangfald
- Kontinuerleg registrering knytt til naturmangfald, eit tidkrevjande og viktig arbeid
- Kunnskapsgrunnlag som vert konkretisert i kommuneplanen sin arealdelen
- Fjerne uønska artar som Gjedde frå Vatn i Sula kommune
- Brei medverknad vil skape store ringverknadar og samfunnsverdi gjennom å ta gode val

Statsforvaltaren viser til at når det gjeld skjøtselsplanar for truga naturtypar, kan desse utarbeidast etter innspel frå grunneigarar og organisasjonar, ikkje berre kommunen. Det er ein eigen pott for finansiering av slike tiltak. Restaurering av natur har også fått egne finansieringsordningar gjennom tilskott og Statsforvaltaren sine egne tiltaksmidlar. [SMIL-midler](#) kan også søkast for å ta vare på natur. Temaplanen vil vere eit verktøy for søknad om tilskott både for kommunen, organisasjonar og private.



3. Naturmangfald i Sula kommune

Sula kommune har totalareal på 58,5km². Temaplan for naturmangfald skal gjelde for heile kommunen, både sjø og landareal. Skog og open fastmark utgjør 80 prosent av arealet i kommunen, medan utbygd areal utgjør 10,4 prosent. Med utbygd areal meinast alle typar busetnader, konstruksjonar og permanent opparbeidd overflate og tilhøyrande areal.

Sula har mykje fjell og eksklusiv åtkomst frå fjøre til fjell med havet som ligg inntil landarealet. Sula er ei landfast øy i sjø med fastlandsforbinding med Ålesund og vidare mot nord og aust, ferjeforbinding mot syd og vest.

3.1 Kartlegging av arter i naturmangfaldsplanen

Raudlisteartar, artar av nasjonal forvaltningsinteresse, vilt og trekkruiter, myr, våtmark, funksjonsområde, naturtypar, inngrepsfrie naturområde, verneområde, laksefjordar, gytefelt, korallførekomstar, elvemusling, naturskog, NIN-kartleggingar og arts kartleggingar finn vi i ulike baser, der det som er registrert. Framande artar kan vere ein trugsel mot biologisk mangfald. Kunnskap skal kome fram gjennom å vise til kartlegging og korleis bidra til vidare kartlegging, og krav til dokumentasjon ved søknad om tiltak.



Kartlegging gjennom tidene har m.a. vore utført av tindebestigere på 1900-talet som Arne Ness, Peter Zapffe og med inspirasjon i nyare tid lokalt av m.a. Alv Ottar Folkestad som har vakt interesse og kunnskap kring å ta vare på naturmangfaldet. Dette er førebilete for mange med sine kunnskapsrike historier i vanskelege naturterreng, og deira erfaringar korleis livet i naturen artar seg. Naturen er eit stort fagfelt, mykje forskning og fagmynde som gir viktig informasjon om naturmangfaldet, og korleis framande artar kan leve i eller truge det biologiske mangfaldet.

3.2 Kjende kartleggingar

Naturverdiar som er kartlagt finst i [Naturbase](#), kartleggingar knytt til natur i kartportalen til Statsforvalter i Møre og Romsdal og Møre og Romsdal fylkeskommune er lagra i [Gislink.no](#). I Gislink ligg der informasjon om artar, naturtypar, verneområde, etc. og alle har underkategoriar som har data. Der er opplysningar om kva, kven og når det er registrert og det er knytt faktaark til ulike registreringar. Kjent datamaterialet må analyserast mot dagens planverk i kommunen og ein må identifisere konflikter knytt til arealbruk og naturmangfald, dette er venta å bli utført som ein del av rullering av arealplan. Sula hjorteviltvald har utarbeidd [Bestandsplan](#) for hjortevilt 2024-2028.

Kartutsnitt i vedlegg til temaplan viser ulike kartlag for Sula kommune, og er henta frå [Naturbase](#). Kartlegginga er utarbeidd i tråd med Miljødirektoratet sin [instruks](#). Vedlegg til temaplanen er utdrag frå Naturbase med døme på kart som syner kva som er kartlagt og korleis ein kan finne informasjon med teiknforklaringar. Dette er ikkje uttømmende, men meint som døme på kva og korleis ein kan hente informasjon til dømes om framande artar i Naturbase.

I medverknadsarbeid i lag med barn og unge vart det gitt tilbakemelding om at informasjon som finnast med få tastetrykk er bra å vise til i temaplanen og med døme kan ein gjere seg kjent i kartlandskapet frå kart som Naturbase.



3.3 Eksisterande kartlegging i Sula kommune

Sula kommune har kartlagt naturtyper i 2008. Rapporten er eit godt naturfagleg grunnlag, slik at omsynet til det biologiske mangfaldet vart kjent. Planen er frå 2008 og datert 09.01.2009. Det vert vist til strategi for stopp av tap av biologisk mangfald innan 2010. Det var ikkje knytt handlingsplan til dette arbeidet. På side 18 og 19 har rapporten identifisert områder som er særleg verdifulle for det biologiske mangfaldet, med levestader for særleg mange arter, eller for uvanlege eller kravfulle arter som har vanskeleg for å finne leveområde elles i landskapet. [Rapporten](#) er framleis viktig og nyttig som kunnskapsgrunnlag, saman med nye kartleggingar og analyser. Reguleringsplanar som er vedtekne og dei som er eller har vore oppstarta kan ha viktige kartleggingar som kan gjenbrukast.

3.4 Biologisk mangfald i Sula kommune



[Kartlegginga av biologisk mangfald](#) utført i 2000 og 2001. Formålet var gi Sula kommune og dei einskilde grunneigarane eit godt naturfagleg grunnlag for den framtidige forvaltninga av dei påviste biologiske verdiane i dei ulike naturtypene. Eit anna mål var å gje eit så godt oversyn som råd over dei naturverdiane og artane som finst i dei undersøke områda. Då som no er eit generelt føremål med naturfagleg kartlegging er å verne om naturen, og eit viktig kunnskapsgrunnlag i den langsiktige arealplanlegginga i kommunen.

Temaplanen ønsker å ha fokus på framande artar som er truande for eksisterande fauna, generelt for Norge, og om mulig avdekke truede arter som allerede eksisterer på Sula. Dette for å skape større og vidare kunnskap ved val av plantar utført av det offentlege, i første omgang, og som kanskje kan resultere i bedre fauna i det offentlige rom. Samtidig kan dette være retningslinjer som kan gir eit varsku ved søknader om masseutskifting, deponering m.m. For å unngå spreiding av framande artar.

3.5 Naturmangfaldsrettleiarar ved arealplanlegging

Miljødirektoratet har utarbeidd rettleiarane [Klima- og miljøhensyn i arealplanlegging](#) og [temaplan](#) for naturmangfald som viser til det nasjonale arbeidet for å ivareta naturmangfald med vekt på kommunen sin rolle.

Grøn infrastruktur døme frå [rettleiaren](#) klima- og miljøinteresser:

Omgrepet «grøn infrastruktur» omfattar areal med økologiske korridorar, grøntområde i by/tettstadar, vatn, vassdrag og elvemunningar, trekkveggar for vilt og migreringsruter for marine artar. Grøn infrastruktur er areal og landskapselement som har stor betydning som formeirings, oppvekst- og forflyttingsområde for artar og for artane si overleving over lang tid. Områda kan ha stor verdi for økologiske prosessar og vassbalansen i eit område, blågrøn infrastruktur. Miljødirektoratet har utarbeidd ein rettleiar for strandsone og grønstruktur er viktige områder i arealplanlegginga og viktige areal å ta omsyn til ved planlegging i Sula kommune. Slike område er ikkje berre nødvendig for naturmangfaldet, men har ofte også betydning for menneske som art og gjennom påverknad på folkehelse og gode levevilkår.





3.6 Sjøareal

Sula kommune har store sjøareal. I sjø er ålegras registrert fleire stadar. Ved søknad om tiltak skal informasjon knytt naturmangfald i sjøareal dokumenterast i tråd med plan og bygningsloven.


[Fiskeridirektoratet planretteiar](#) har god nyttig fagretteiing ved planlegging i og inntil sjøareal.

Sjømatnæringa inkluderer blant anna korallforekomster, større tareskogforekomster, ålegrasenger, skjellsand og bløtbunnsområder i strandsona. Ressursområder er områder som er viktige for at ulike marine artar skal kunne formere seg, vokse opp og inngå i haustbare bestander.

Gytefelt og gyteområder Havforskningsinstituttet har registrert er gytefelt for kysttorsk i kommunen. Gytefeltet Borgundfjorden er verdivurdert som nasjonalt viktig, og gjort greie for med mye egg, stor tilbakehald av egg, og gytefelt verdi 6 (høgaste verdi).

Eit rent og rikt hav, som har eit rikt naturmangfald, er nødvendig for sjømatnæringa. Gyte-, oppvekst og beiteområder har behov for å bli beskytta mot arealbeslag og tiltak som har negative konsekvensar for naturforhald i og ved områda. Nokre marine artar er særleg sårbare. Det gjelder blant anna kysttorsk, blålange, hummer, vanleg uer, ål, nebbskate og pigghå. Fiskeridirektoratet meiner det er særleg viktig at kunnskap om førekomst av [rødlistede marine artar](#) vert gjort synleg i planer for naturmangfald.

Natur i norge (NIN) har utarbeidd [retteiar](#) med hovudformål å bidra til at resultat av praktisk kartlegging i sjø blir så gode som mogleg og kan samanliknast på tvers av kartleggingar.



Sula kommune har engasjert DMR Miljø og Geoteknikk AS i forbindelse med undersøkelser i Vågevanet. Beboere i området plages med dårlig lukt, noe som skyldes eutrofiering og anoksiske bunnforhold. Arbeidet vert fylt opp, siste rapport er datert 22.08.2025, vår ID 21/1376-6.

Høgde på plassering av bygg er med tanke på [naturendringar](#) over tid vil påverke kvar det er naturleg å plassere bygningar. Det er gitt døme med reguleringsplan i Sula for [høgdeplassering](#) i kap. 7.2.

For marine naturtyper er det fleire områder som har registrerte førekomster av marine naturtyper som er viktige for sjømatnæringene. I kartverktøy Yggdrasil og i Miljødirektoratets Naturbase er det registrert ei rekke større tareskogførekomster, og ålegressamfunn. Slike områder i og i nærleiken av gytefeltene og gyteområdene for torsk kan være mulige oppvekst- og beiteområder.

Som døme på kva næringa sjølv, ekspertar, forskning og private aktørar har ulike vinklingar til når det gjeld havbruk vert det vist til denne artikkelen publisert i vg.no 05.05.2026. Kilder til utslipp av nitrogen langs heile Norskekysten [Niva](#). Det har vore fokus på fiskeoppdrett i havet frå m.a. privat aktør Sunstone Institute der film frå fridykkar [Aleksander Nordahl](#) er dokumentasjon. Artikkelen handlar om korleis fiskeoppdrett påverkar miljøet i havet langs norskekysten og samanliknar det med [PE](#)-ekvivalent. Fagleg er det usemje om utslepp sin verknad for miljøet. Bransjen sjølv viser til sine rapporter og viser til berekraftig havbruk som industri.

Tom N. Pedersen uttalte, seniorrådgiver ved statsforvalteren i Vestland, i [artikkelen](#): «Hver eneste pellet som drysser ned til bunnen fra et oppdrettsanlegg, kommer til å forårsake oksygenforbruk helt til alle proteiner og fettmolekyler er brutt ned. Det er som å sette fyr på et bål. Alt brenner til slutt, forklarer Pedersen.»



Avrenning i terreng

Varierende og bratt terreng, og areal frå havgrensa og til 776 moh tilseier at det er mykje vatn som renn i Sula kommune.

Sula kommune sitt høgaste fjell er Vardane som ligg 776 moh. Det er mange bratte områder i Sula og derav mange vassårer som renn. [Kart](#), frå Vann-Nett, viser vassårer i Sula kommune som er registrert.



[Vanndirektivet - Vannportalen](#) Vanndirektivet er EU sitt viktigste og mest omfattende miljødirektiv som skal legge grunnlaget for ein heilskapleg og samordna forvaltning av eit sentralt miljøelement. Regionale vannforvaltningsplan 2022-2027 ligg også i [Vannportalen](#).

Vassdrag

Vassdrag kan verte påverka av avrenning, lekkasjer, overløp frå offentlege leidningar og forureing, og ved å plassere artar som ikkje har naturleg tilhøyre. Gjedder i vassdrag i Sula har ikkje naturleg tilhøyre, ein framand art i Sula kommune, og har vorte sett ut og formert seg. Det er lagt som mål i handlingsplanen at denne arten skal fjernast. Sula jeger og fiskeforening har gjennom mange år gjort tiltak for å ha oversikt over denne arten. Å ha fokus på naturleg tilhøyre er viktig for naturmangfaldet. Sump- og vassvegetasjonen er ein viktig del av det biologiske mangfaldet med tanke på vekst inntil.

[Naturkompasset](#) og [Miljølære](#) er m.a. nyttige baser for kunnskap om dette og andre tema for naturmangfald.



4. Overordna føringar

4.1 Nasjonale forventningar til regional og kommunal planlegging

[Nasjonale forventningar](#) (2023-2027) sett sterke og tydelege føringar knytt til naturmangfald med tema; *Klima, natur og miljø for framtida*. Dei nasjonale forventningane omset dei internasjonale forpliktinga til kva dei betyr for Norge, heilt ned til den enkelte kommune. Nasjonale forventningar påpeikar at 80% av Norge sine areal vert forvalta gjennom plan og bygningloven, i hovudsak gjennom kommunal planlegging. Det meste av naturmangfaldet i Norge går tapt gjennom arealinngrepa vedteken av den enkelte kommune. Det er altså det enkelte kommunestyre som har makt til å redusere tap av naturmangfald, også i Sula.

Nasjonale forventningar kap. 5.3 omhandlar naturmangfald i arealforvaltninga og i alt planarbeid. Det vert oppmoda spesifikt til bruk av tematisk kommunedelplan for naturmangfald, i arbeidet med identifisering og varetaking av viktige naturområde/økologiske funksjonsområde.

«VIKTIGE TEMA I REGIONALE OG KOMMUNALE PLANER FRAMOVER VIL VÆRE HENSYN TIL
NATURMANGFOLD, OMSTILLING TIL ET KLIMAROBUST LAVUTSLIPPSSAMFUNN, LANGSIKTIGE
AREALVURDERINGER FOR Å MINIMERE AREALTAPET AV NATUR OG HELHETLIG FORVALTNING AV
VANNRESSURSENE.»

NASJONALE FORVENTNINGAR TIL REGIONAL OG KOMMUNAL PLANLEGGING 2023-2027

4.2 Norsk handlingsplan for naturmangfald (Meld.St.14)

Natur for livet - [Meld.St.14](#) (2015-2015) punkt 5.4 omhandlar overordna politikk for arealforvaltning. Arealendringar vert oppgjeve som den største negative påverknad på natur i Norge. Regjeringa legg førande prinsipp for arealinngrep og korleis det skal takast vare på den verdifulle naturen, kommunen sitt arbeid med naturmangfald skal styrkast.

«**Naturmeldinga**» - [Meld. St. 35](#) (2023–2024) Berekraftig bruk og bevaring av natur.

Stortingsmeldingen er Norges nye handlingsplan for natur. Meldinga viser korleis regjeringa sin politikk skal bidra til berekraftig bruk og bevaring av naturmangfald. Politikken vil bidra til å nå nasjonale mål og globale mål i naturavtalen. Meldinga gjer greie for status for norsk natur, og korleis Norge jobbar nasjonalt og internasjonalt for å ivareta naturen.



4.3 Regionalt for Møre og Romsdal

Møre og Romsdal fylkeskommune kan vise til fylkesstrategi og fylkesplan.

[Fylkesstrategi](#) for miljø, klima og energi (2023-2026)

[Fylkesplan for Møre og Romsdal 2025-2028](#) Fylkesplanen er ein tverrfagleg utviklingsplan for samfunnet Møre og Romsdal i inneverande planperiode 2025 – 2028. Den er bygd opp rundt FN sine berekraftsmål og dei tre berekraftdimensjonane.

Sula kommune sin samfunnsplan viser til regionale planer og kunnskapsgrunnlag for fylkesstrategi for miljø, klima og energi med desse kulepunktka:

- Arealplanlegging er det viktigaste verktøyet for klimatilpassing, og heilskapleg planlegging er avgjerande for å lykkast.
- ROS-analyser er ein viktig del av arbeidet knytt til klimatilpassing.
- Klimaendringane gjer at vi står i fare for å miste viktige kulturmiljø, både som følge av hyppigare ekstremvær, råte og kjemisk nedbryting.
- I Møre og Romsdal har vi eit godt utgangspunkt for mange artar og naturtypar.
- Det er viktig å sette søkelys på klimakommunikasjon, og arbeide med involvering, bevisstgjerings og engasjement.

[Kulturminnesøk](#) for arkeologiske registreringar i Sula er Møre og Romsdal fylkeskommune sitt ansvar. Dialog med kulturavdelinga om naturmangfald er tema som kan drøftast for å finne gode løysningar.

KULTURMINNESØK Søk

Strandvoll, Bosetning-aktivitetsområde

Kategori: Arkeologisk minne	Beliggenhet: Møre og Romsdal, Sula	Vernestatus: Automatisk fredet	Datering: Eldre steinalder	Lagt inn av: Møre og Romsdal fylkeskommune
---------------------------------------	--	--	--------------------------------------	--

Lokaliteten spenner seg over strandvoll nr. 2 på Molvær, som ligger mellom ca. 2 og 3,6 moh. Her, i sjakt 4 var det mulig å se så mange som 16 lag som alternerer mellom strandavsetning (sand og rullestein) og brun humusholdig silt ned til 160 cm dybde. Det ble registrert kullspetting og brent bein ned til 110 cm dybde (L10). Her ble det tatt ut kullprøve til datering. Prøven fra lag 10 i sjakt 4 er som nevnt forvekslet med prøven fra sjakt 6. Den riktige prøven gir dermed en tidfesting av lag 10 til ca. 7432-7133 f.kr. (8220 +/- 30 BP). I laget ovenfor, ca. 80-90 cm dypt, ble det også registrert store kullstykker og ett mikroavslag av flint (L8/9). På bakgrunn av lag og funn er hele vollen regnet som en lokalitet. Basert på strandlinjekurver kan vollen dateres til tiden der bunnen og toppen har ligget over vann, mellom 8600 og 7500 f.kr. og etter 1050 f.kr. Dette samsvarer ikke med 14C dateringene, men det er verdt å notere at dette ligger midt i regresjonsperioden der havnivået har steget raskt. Det gir et lite slingsmonn for strandlinjekurven. Etter dateringer fra lag 3 i sjakt 3 har den lille forsinkingen mellom strandvullen og åkerreinen (ID265938-0) vært i bruk under merovingertid. Dateringene av kullet ligger rundt 655 og 765 e.kr (1320 +/- 30 BP), så det er en god mulighet for at dette også representerer aktivitet fra tidlig vikingtid. Spor etter smieslag i laget og området rundt antyder at det kan ha vært smi- virksomhet i nærheten. Lokaliteten avgrenses mot vest av en liten bekk (endret løp i nyere tid) og mot vest av positivt prøvestikk. Prøvesticket lengst øst er en noe usikker avgrensning, da det bare er et stykke brent flint i toppsjiktet til matjorden. Mot nord er den naturlige avgrensning av en moderne strandvoll, og mot sør settes grensen etter sjakt 3 og funn av slag.

Tittel	Strandvoll, Bosetning-aktivitetsområde
Kategori	Arkeologisk minne
Art	Bosetning-aktivitetsområde
Opprinnelig funksjon	Ikke angitt
Gårdsnavn	Nygård

Statsforvaltaren i Møre og Romsdal er ein ressurs for Sula kommune og deler kunnskap og kompetanse, og kjem med faglege råd. Ofte blir det informasjon med mange lenker som har nyttig og viktig innhald, men er omfattande å ta med seg i dagleg forvaltning av offentlege tenester.

[Naturmangfald | Statsforvaltaren i Møre og Romsdal](#), er eit døme på kunnskapsbase.

Naturen skal forvaltast slik at plantar og dyr som finst naturleg i Noreg, skal sikrast i levedyktige bestandar, og at å ta vare på den variasjonen som finst i naturtypar, landskap og geologi. Innhaldet i denne temaplanen vil gi kunnskapsgrunnlag og vere ein ressurs for å ta omsyn til naturmangfald i kommunen sine forvaltningsoppgåver. Statsforvaltaren er miljøverndepartementet sin representant for å følgje opp regionallovheimel for naturmangfald i Møre og Romsdal.



Kunnskapsgrunnlaget til temaplan for naturmangfold har fleire lenker, noko som er naturleg. Det er likevel lett å forstå at dei som les informasjon med tilhøyrande informasjon ikkje kan få med seg alt. Målet er at denne temaplanen med kunnskapsgrunnlag skal ha ta med viktig kunnskap som kan leitast fram ved behov.

I medverknadsprosessen med ungdomsrådet viser dei til kunnskap via lenker gir lett tilgang til informasjon på ein kjent og forståeleg måte, slik dei er kjent med å innhente kunnskap i dag.

4.4 Naturmangfaldslova

Formålsparagrafen i naturmangfaldslova tek omsyn til både bruk og vern av naturen, bruk skal skje på ein måte som langsiktig tek vare på dei prosessane i naturen som menneske, dyr og planter er avhengig av. Paragraf 8. sett krav til at offentlege avgjersler skal vere kunnskapsbaserte, mens §9. inneheld «føre-var-prinsippet», ein skal unngå vesentleg skade på naturen, dersom der er risiko for alvorleg eller irreversibel skade på naturmangfaldet, skal ikkje mangel på kunnskap vere årsak til å utsette eller unnlate å treffe forvaltningstiltak.

§1. (Lovens formål)

Lovens formål er at naturen med dens biologiske, landskapsmessige og geologiske mangfold og økologiske prosesser tas vare på ved bærekraftig bruk og vern, også slik at den gir grunnlag for menneskenes virksomhet, kultur, helse og trivsel, nå og i fremtiden, også som grunnlag for samisk kultur.»

Sula kommune som forvaltningsorgan skal ta omsyn til naturmangfold og lovverk knytt til dette. Viktige funn gjennom ulike arbeid skal gjerast kjent knytt til fagfelt i til dømes kartbaser slik at kunnskap kan brukast om att for å ta vare på naturmangfaldet, og i forvaltninga slik temaplanen sitt kapittel 6 legg opp til.

Naturmangfaldslova skal følgast i offentlig forvaltning og er grunnleggande saman med plan og bygningsloven ved kommunal planlegging.



5. Medverknad

5.1 Planprosess

Temaplan er forankra i Samfunnsplan 2025-2037, og plan og miljøutvalet sine vedtak 053/24 og 012/26. Det er krav om medverknad og det er ønske frå Sula kommune om brei medverknad, det gir både eigarskap og handlekraft. Plan og miljøutvalet har stadfesta planprogrammet i sak nr. 41/26. Medverknad er forankra i vedteke planprogram.

5.2 Medverknad

Medverknad og høyringsinnstansar skal sikre både fagleg kvalitet og lokal forankring. Det er gitt invitasjon til medverknad for organisasjonar, grupper, verksemder med særleg interessefelt og kunnskap om naturmangfald. Styrings- og arbeidsgruppe for planen har sikra brei medverknad i sin deltaking i temaplenen i tillegg til dei det er søkt medverknad frå.

- Miljødirektoratet, Statsforvaltar Møre og Romsdal, Møre og Romsdal Fylkeskommune, fiskeridirektoratet, NVE, Kystverket, Sula brannvesen og Ålesund brannvesen KF.
- Barn og unge sin representant , elever i ungdomsskule og elvar i vidaregåande skule
- Grunneigarorganisasjonar, og frivillige lag og organisasjonar
- Naturvernforbundet, Sula jeger og fiskeforening, hjorteviltvaldet og andre interesseorganisasjonar
- Nabokommuner vil få tilsendt forslag til temaplan ved offentleg ettersyn, i tillegg til det har vore dialog med fagmynde for planarbeidet i Ålesund og Haram kommune.

Planprogrammet og forslag til temaplan er sendt til høyring direkte til mynde og organisasjonar. Gjort kjend i lokalavis og på heimsida til Sula kommune. Ei form for medverknad der innspel som blir lagt til arbeidet gir auka kunnskapsgrunnlag.

Barn og unge har medverka via fleire kanalar, m.a. ungdomsrådet, Langevåg skulen, Ålesund vidaregåande og møte med barnas representant. Eit mål med medverknad i denne temaplanan er at samhandling med å foreslå korleis informasjonen i denne planen kan vere eit verktøy og bli presentert slik at barn, unge og ungdommane i Sula kommune forstår og bryr seg. Ved å legge informasjonen frå verktøy, andre kart og ungdommane sin eigen informasjon om kva areal som er viktig for dei "oppå kvarandre" kan ungdommane bidra med å finne dei områda som er viktig at kommunen tek vare på. Verktøya kan også styrke demokratiet med å gi felles situasjonsforståing og moglegheit til å betre forstå korleis planlegging foregår i kommunen.

Sula kommunestyre vedtek planer og styringsdokument og er etter kommunelova § 5-3 det øvste kommunale organ. [Delegasjonsreglement](#) er førande for forvaltningsoppgåvene i Sula kommune. Temaplanan for naturmangfald vil vere eit styringsdokument, som er nødvendig for å sikre samanheng mellom samfunnsutviklinga og arealbruk i kommunen. Næringsstruktur og samla arealbruk og arealressursar er gjensidig avhengig av å ta naturmangfald på alvor. Plan og miljøutvalet peika på både ved behandling av vedtak og gjennom arbeidsmøte for temaplan at brei medverknad er viktig, og rosa ungdomsrådet i Sula kommune for deira medverknad.



6. Kommunen som forvaltningsorgan

6.1 Sula kommune som forvaltningsorgan

Forvaltning og saksbehandling av søknad om tiltak, byggesaker, m.a. kan ha større fokus på naturmangfald med eige avsnitt om naturmangfald i kommunale vedtak etter plan og bygningsloven gi auka fokus. Eldre reguleringsplanar har ikkje gjort greie for naturmangfald som eige tema verken i kart eller tekst. Plan og bygningsloven stiller krav om at naturmangfald vert dokumentert.

6.2 Kommunen sine einingar tek vare på naturmangfald gjennom god forvaltning

Sula kommune har eit særleg ansvar for å forvalte naturmangfaldet i områder med høgt arealpress i strandsona mot Borgundfjorden, i sjø og rike friluftsområde på land. Kommunens eigne tiltak, planlegging, drift og saksbehandling kan påverke at naturmangfaldet blir styrka. Sula kommune kan medveten bidra til å redusere dei fem viktigaste truslane mot naturmangfaldet: **arealendringar, klimaendringar, forureining, framande artar og overhausting**, jf. Sabima.

Kommunen kan vere eit føredøme i eige arealbruk og drift med fokus på at alle einingar i kommunen skal:

- sikre at tiltak og drift følgjer naturmangfaldlova
- nytte oppdatert kunnskapsgrunnlag m.a. frå Artsdatabanken og naturbase
- bidra til å redusere press på sårbare naturtypar som ålegrasenger, strandsoner, våtmark, bekkedrag og fjellnatur
- bidra til å hindre spreiding av framande artar
- planleggje tiltak slik at dei gir minst mogleg naturtap og størst mogleg naturgevinst
- samarbeide på tvers av einingar og fagområde

6.3 Plan, bygg og geodata – nøkkelrolle i arealforvaltninga

Sula kommune har lite landbruk, men har høgt press knytt til **sjø, strandsoner, tettstadsnære naturområde og fjell/utmark**. Difor er planfaglege vurderingar og godt kunnskapsgrunnlag avgjerande både ved gjeldande og nye planar, og ved søknad om dispensasjon frå regulering- og arealplan.

Planavdelinga skal:

- sikre at naturmangfald vert vurdert i alle planprosessar
- stille krav om biologiske kartleggingar der kunnskapen er mangelfull
- krevje vurdering etter naturmangfaldlova §§ 8–12 i alle reguleringsplanar
- kunne stoppe eller endre planforslag dersom naturkonsekvensane er for store
- oppheve av eldre planar som ikkje lenger er berekraftige
- sikre tverrfagleg samordning med byggesak
- aktivt samhandle med Nordre Sunnmøre landbrukskontor



Geodata skal:

- utvikle og vedlikehalde eit godt og tilgjengeleg geodata kunnskapsgrunnlag
- sikre oppdaterte kartlag over naturtypar, artar, marine naturverdiar, ferdselsårer og sårbare områder, og ha kunnskap om kartverktøy.
- legge til rette for bruk av digitale verktøy i saksbehandling og tilsyn

Byggesaksavdelinga skal:

- sikre at tiltak vurderast opp mot naturmangfald etter arealplan og reguleringsplanar
- krevje supplerande kartlegging ved behov
- vise til overordna planer og samhandle med planleggar i saker som rører sårbare naturtypar
- be om nødvendig innspel frå Nordre Sunnmøre landbrukskontor
- føre tilsyn med at vedtak vert følgt og følgje opp ulovlege tiltak


Landbruk, Nordre Sunnmøre landbrukskontor

Sula kommune er ei relativt liten landbrukskommune, med nokon få aktive bønder. På grunn av høgt utbyggingspress og store områder lagt ut til bustad i arealplanen til Sula kommune, er det utfordrande å drive landbruk i Sula kommune.

Landbruk skal aktivt:

- samhandle og gi viktig informasjon til plan og byggesak mynde
- ta del ved gjennomgang av gamle bustadområder i arealplanen på dyrkamark
- bidra til å forvalte skog, vilt og fallvilt
- uttale seg i forvaltning som fagmynde for Sula kommune

Figur er henta frå Miljødirektoratet sin rettleiar [M-1941](#)





6.4 Tiltak i sjø og strandsona – eit særleg ansvar i forvaltninga

Sula har meir marint naturmangfald enn landbasert, og mange verdifulle naturtypene er knytte til sjø og fjøre. For å ta vare på ålegrasenger, tareskog og grunnvassområde skal kommunen:

- stille krav om **faglege undersøkingar** før tiltak som brygger, utfylling, mudring, kaier og sjøkablar
- krevje vurdering av **samla belastning** i sjø
- unngå privatisering og stenging av strandsona
- stille strenge vilkår for tiltak i strandsona i tråd med naturmangfaldlova, plan- og bygningslova og vassressurslova

6.5 Drift og vedlikehald – å forvalte kommunens egne områder

Kommunen driftar store areal: vegar, grøfter, skuleområde, parkar og stiar. Desse skal driftast slik at naturmangfaldet vert styrka m.a. ved å:

- bruke **sen kantklipp** i område med artsrike vegar for å ta vare på pollinatorar
- kartfeste område med framande artar og gjennomføre inngripen der det er forsvarleg
- ivareta gamle tre, kantsoner og naturleg vegetasjon der det er mogleg
- bruke naturbaserte overvannsløysingar (regnbed, opne bekkedrag, grønne flater)
- unngå bruk av artar som står på framandartlista
- sikre at entreprenørar følgjer reglane for massetransport, jordbruksmassar, fyllingar og rydding

6.6 Friluftsliv og fjell – berekraftig bruk av Sulafjellet

Sulafjellet er ein av dei viktigaste friluftressursane i regionen. Med aukande ferdsel aukar behovet for styring og tilrettelegging, og fokus på å ta vare på naturmangfaldet.

Kommunen skal:

- vurdere konsekvensar for naturen før nye tiltak som stiar, skilt, trapper, utsiktspunkt og sykkeltraséar
- bruke erfaringane frå behandling av trappeprosjektet i Sulafjellet, Sula kommune ID 25/744
- sikre at tiltak tek omsyn til artsmangfald, hekkande fugl, sårbare naturtypar og erosjonsfare
- samarbeide med frivillige om skjøtsel, informasjon og stibygging vurdere ferdselsregulering ved behov (sesongregulering i hekketid e.l.)

6.7 Oppvekst og utdanning – barn og unge som ressurs

Kunnskap er avgjerande. Kommunen vil:

- integrere naturmangfald i undervisning i barnehage og skule
- bruke nærområda aktivt i barnehage og skule
- involvere ungdomsrådet og barnas representant i planlegging og strategiarbeid
- søke samarbeide med ungdomsskule og vidaregåande skule for medverknad i planarbeid



6.8 Tverrfagleg samarbeid og ressursbehov

For å gjennomføre tiltak må kommunen i følge samfunnsplanen ha:

- eit tydeleg og forpliktande samarbeid mellom politikarane og administrasjonen
- tilgang til fagkompetanse innan naturforvaltning
- tilgjengelege midlar til kartlegging og skjøtsel
- rutinar for tideleg tverrfagleg involvering i plan- og byggesaker

6.9 Brannførebygging, branntryggleik og naturmangfald

Brann i skog, lynghei og annan utmark kan føre til store skadar på naturmangfaldet. Vegetasjonsbrann kan øydeleggje leveområde for artar, skade sårbare naturtypar og endre økologiske samanhengar over tid. I tillegg kan brann gi auka erosjon, avrenning og svekking av jord og vegetasjon.

Klimaendringar med lengre tørkeperiodar, høgare temperatur og meir krevjande vêrtilhøve kan auke risikoen for slike hendingar, også i kystnære område.

Brannen på Sukkertoppen i Ålesund kommune 17.03.2026 synleggjer kor sårbart landskapet i kan vere ved tørke, vind og rask brannspreiing i utmark. Brannen starta om lag kl. 14 tysdag 17. mars 2026. På grunn av sterk kuling spreidde brannen seg raskt, og store område med vegetasjon og natur vart råka. Det var òg fare for at brannen kunne spreie seg til nærliggande bustadområde. Hendinga viste behovet for god samordning mellom kommune, brann- og redningsteneste og andre relevante aktørar i arbeidet med førebygging, beredskap og handtering av vegetasjonsbrann.

Det er viktig å sjå arbeidet med brannførebygging og branntryggleik i samheng med omsynet til naturmangfald. Førebyggjande tiltak i utmark, skog og randsoner mot busetnad og infrastruktur må planleggjast og gjennomførast slik at dei i minst mogleg grad skadar viktige naturverdiar. Dette gjeld mellom anna vegetasjonsrydding, etablering av branngater, terrenginngrep, framkome for naudetatar og andre risikoreduserande tiltak.

Brann i utmark kan gi store negative konsekvensar for naturmangfaldet gjennom tap av leveområde, skade på naturtypar og endringar i økologiske samanhengar. Samstundes kan brann i enkelte tilfelle føre til fornying av vegetasjon eller endra konkurranseforhold mellom artar. Kva verknad ein brann har for naturmangfaldet, må vurderast konkret ut frå naturtype, omfang, intensitet og lokale forhold. Ukontrollert brann kan ikkje likestillast med planlagd og fagleg vurdert skjøtelsbrenning.

Sula kommune skal samarbeide med Ålesund brannvesen om førebygging, risikovurdering og handtering av brann i skog, lynghei og annan utmark. Erfaringar frå lokale hendingar skal nyttast i arbeidet med å identifisere særleg utsette område, vurdere behov for førebyggjande tiltak og styrkje beredskapen ved vegetasjonsbrann. Samarbeidet bør omfatte informasjonsdeling, øving, vurdering av tilkomst og sløkkeinnsats, samt samordning mellom naturforvaltning, arealforvaltning og beredskap.

I område der brannrisiko og viktige naturverdiar overlappar, bør kommunen prioritere samordning mellom naturforvaltning, arealforvaltning og beredskap. Dette gjeld særleg i område nær busetnad, friluftsområde og naturtypar som er sårbare for inngrep eller brannpåverknad.

Sula kommune skal arbeide for at brannførebygging skjer på ein måte som både reduserer risiko for tap av liv, helse og materielle verdiar, og samstundes tek vare på naturmangfald, landskapsverdiar og økologiske samanhengar.



7 Behov for nye kartleggingar av naturområde

7.1 Natur som ikkje er kartlagd

I m.a. naturbase og gislink er registrert arealbruk som er registrert gjort kjent. Naturområde som ikkje er kartlagt eller vurdert, kan feilaktig bli antatt at ikkje har vesentlege naturverdiar. Det er viktig å gjere konkrete vurderingar, legge fram fakta og grunngjeve kva val som er tenkt og utgreie fordelar og ulemper utifrå heilskaplege perspektiv.

Mange eldre planar vedteke etter plan og bygningslova frå 2008 har manglar knytt til naturmangfald. Det er naturleg at det vert stilt krav om kartlegging av naturmangfald ved søknad om tiltak og spesielt ved søknader om dispensasjonar etter same lovverk. Naturmangfald er eit kjent tema og ofte vert dette kartlagt og dokumenter i ulike søknader. Kartlegging tidleg i prosjektfase er rimelegast og vil kunne gi størst samfunnsnytte og samfunnsøkonomi. Gjenbruk av informasjon og deling av kunnskap er viktig for å ta vare på naturmangfaldet.

7.2 Planomtaler i gjeldande reguleringsplanar

Tillegg som er viktig for temaplanen er planomtale for eit spesifikt område som gir lokalt kunnskapsgrunnlag. Informasjonen er tidsbestemt til dokumentet vart utarbeidd, og nytt kunnskapsgrunnlag vil vere naturleg å be om ved konkrete nye tiltak. Planvask ved rullering av arealplan kan gi større fokus på naturmangfald. Arealplan sitt planprogram viser til planvask.

Områdeplan Langevåg sentrum er vist som døme, tekst frå planomtalen knytt til naturmangfald:

NATURMANGFALD Det er registrert at Geilneset og Molværstranda er ein prioritert naturtype då det er ei lokal viktig sand- og grusstrand.


BKS14 GN4 Delar av område er endra frå friområde til Bustader-konsentrertsmåhus. Utvidinga vert ei naturleg forlenging av eksisterande bustadar og vil skje i ein del av naturområdet som har liten verdi med omsyn til naturmangfald og lav bruksfrekvens som friområde.

6.9 **NATURMANGFALD** Som kap. 4.7 viser er det avgrensa med registreringar i området. Det er i fellesføresegner stilt krav om at ein ved tilføring eller flytting av jordmasser ser til at desse ikkje er forureina av framande artar med potensielt svært høg eller høg risiko for spreiding. Dei miljømessige prinsippa i naturmangfaldlova §§ 8 – 12 skal leggast til grunn ved utøving av offentleg myndigheit, og det er gjort følgande vurderingar: D. Holtan og K.J. Grimstad kartla i 2000-2001 biologisk mangfald i Sula kommune (Holtan, D. & Grimstad, K.J. 2002: Kartlegging av biologisk mangfald i Sula biologiske undersøkingar i 2000/2001. Sula kommune, rapport. 46 s. + kart.). Dette vart følgt opp med supplerande kartlegging av naturtyper utført av D. Holtan og P. Pedersen i 2008 på oppdrag frå Møre og Romsdal fylke (Rapport 2009:01). Resultata frå dei ulike undersøkingane ligg i naturbasen som det er vist til i kap. 4.8. Det er eitt registrert område med viktig naturtype sand- og grusstrand som ligg innanfor planområdet (Geilneset).

Reguleringsplan for Vasset friluft og idrettspark er frå 1997, utan planomtale. Arealet vil bli sett nærmare på ved rullering av arealdelen av kommuneplan. Ved tiltak innanfor denne reguleringsplanen vil kunnskap i temaplan for naturmangfald vere nyttig som kunnskapsgrunnlag. Det er viktig å fokusere på naturmangfald ved planlegging og gjennomføring av tiltak i dette området med reguleringsplan frå 1997.

Langevågsholmane

Med eige [dokument](#) for sjøfugl og biologisk mangfald.



Lenkene under er planomtaler i gjeldende reguleringsplaner.

[Detaljregulering - Skoleveg fra Rørstadmarka til Dalvegen](#)

[Detaljregulering - Skoleveg fra Myrbekkane til Rørstadmarka](#)

[Microsoft Word - Dok 1 planomtale Detaljregulering Mikkalvegen 170123.docx](#)

[Microsoft Word - Framside](#) – Planomtale, Detaljreguleringsplan Plassen

[GetGplanregisterFil.aspx](#) – Planomtale, Detaljregulering for Sjukenesstranda

[Microsoft Word - Planomtale Kongshaugstranda reinseanlegg](#)

[GetGplanregisterFil.aspx](#) – Planomtale, Reguleringsendring E39 Veibustkrysset

[GetGplanregisterFil.aspx](#) – Planomtale, Detaljplan Hyttefelt N øre Sulafjellet

[GetGplanregisterFil.aspx](#) – Planomtale, Fv 61 Sulesund ferjekai

[GetGplanregisterFil.aspx](#) – Planomtale, Detaljreguleringsplan Lambertgarden

Høgde på plassering av bygg er med tanke på naturendringar over tid i Sula kommune er eit viktig tema. Reguleringsplan for eigedomane i Futevegen 44 og 46 er eit døme på tiltak nær sjø.

Detaljregulering for gnr 92 bnr 32 – Fabrikkstøa og føresegn §4 har satt kotehøgde, planen er vedteken i 2020 og har plan ID [2019002153](#)

Denne konkrete reguleringsplan legg til rette for etablering av bygg med fritidsbueining i øvre etasje og naustfunksjon i underetasjen, har sett kote 3,36 som minimum ferdig golv. Planomtalen punkt 4 viser til Skildring av planframlegget og i pkt. 4 a er det vist til høgdeplassering med tanke på framtidig havnivåstigning og ekstremvær.



Vedlegg til temaplanen

1. Ordliste
2. Medverknad ungdomsrådet
3. Ungdomsskulen
4. Ålesund vidaregåande
5. Kartdøme naturbase

1. Ordliste

Naturmangfald – Naturmangfald er alle dei ulike formene for liv som finst i naturen. Omgrepet omfattar dyr og plantar i alle område i verda og i ulike økosystem.

Økosystem – Eit økosystem er alle dei levande organismane som finst på ein stad, saman med miljøet dei lever i. Eit økosystem kan samanliknast med eit samfunn som består av ulike artar, til dømes sopp, plantar, dyr og mikroorganismar. Kvar art har ein bestemt funksjon og bidreg til å halde balansen oppe slik at økosystemet fungerer. Dersom ein art forsvinn eller aukar kraftig i tal, kan heile økosystemet bryte saman.

Økosystemteneste – Økosystemtenester er goder, tenester eller produkt som naturen gir menneska. Omgrepet blir særleg brukt i naturforvaltning som eit verktøy for å berekne den økonomiske verdien av naturen og skildre dei tenestene og funksjonane naturen leverer.

Naturtype – Naturtypar er einsarta typar naturområde (habitat). Skog er eit døme på ein naturtype. Naturtypen omfattar både dei levande organismane i området og miljøfaktorane som verkar der, samt særlege naturførekomsten eller geologiske trekk. Omgrepet er sentralt i naturforvaltning for å ivareta biologisk mangfald og vurdere kva økologiske prosessar som bør oppretthaldast eller restaurerast.

Art – Ei art er ei gruppe individ som kan krysse seg med kvarandre, utveksle gen og få fruktbart avkom ved seksuell reproduksjon, og som er skilde frå andre artar gjennom kryssingsbarrierar.

Truga artar – Artar som står i fare for å bli utrydda.

Anadrom – Anadrom blir brukt om ferskvatnfisk som regelmessig vandrar til havet for å finne næring og deretter tilbake til ferskvatn for å gyte.

Arealnøytralitet – Målet med arealnøytralitet er å oppnå netto null tap av natur. Prinsippet inneber å byggje opp nye naturareal for å kompensere for natur som går tapt ved utbygging andre stader.

Naturbaserte løysingar – Naturbaserte løysingar (NBL) handlar om å løyse samfunnsutfordringar ved å ta utgangspunkt i naturlege prosessar og økosystem. Dette kan vere sosiale, økonomiske eller miljømessige utfordringar, som klimaendringar, forureining eller tap av natur. Naturbaserte løysingar kan vere reine naturtiltak, som bevaring eller restaurering av natur, eller dei kan kombinerast med meir tekniske tiltak – til dømes regnbed med naturlege plantar der ein etterliknar naturlege prosessar og økosystem.

Forvaltningspråk - I møte med ungdomsrådet er det i medverknaden også snakka om forvaltningspråk med ord og uttrykk som vert nytta i offentleg forvaltning. Formålet til denne temaplanen for naturmangfald er endra i tråd med medverknad slik at ord og uttrykk skal vere lett å forstå også når ein ikkje er kjent med ord og uttrykk som vert nytta i forvaltninga.



2. Medverknad Ungdomsrådet

– spørsmål og svar frå i møte den 23.04.2026

Medverknadsmøte med spørsmål og skriftleg svar frå ungdomsrådet.

Bileter frå møtet:



Kva er «naturmangfald» for deg?

For meg er mangfold natur og betyr dyr skog og hav, havdyr
Alle dyrene skogen plantene alt som lever

Kva forstår av ordet naturmangfald?

Naturmangfald tar for seg alt inni naturen som for eksempel dyr planter og alt som omfatter naturen
Variasjon i planter og dyreliv. Naturmangfold er viktig.

Korleis bruker du naturen på Sula i dag?

Gå på tur, fiske, slappe av og sosialisering
Bruker naturen til å gå tur puste og tenke pause frå stress koble av - ha det bra – mental helse
Går tur i fjellet eller i skogen, koble fra
Se på fine utsikta, gå tur, bade om sommeren og se på fjellet
Vi bruker området for å sosialiserer og gå tur. I tillegg til å koble av fra stress og ta et avbrekk i kvardagen.



Vi setter stor pris på de vakre utsiktene og mulighetene til å vere sosial ute

Dersom vi ikkje tek vare på naturmangfaldet på Sula, kva konsekvensar vil det ha for ungdom? (Du er ungdom no, og kan vi tenke at dei som er ungdom i framtida skal ha noko av det du set pris på?)

Det blir mindre fint, dyrelivet blir tristere, færre møteplasser, tap av fritidstilbud, mindre muligheter. Vi vil miste vakre naturområder, som kan føre til mindre møteplasser, mindre fysisk aktivitet og flere sittande inne.

Hvis vi ikke tar vare på naturmangfoldet kan det vere masse søppel i naturen og i gatene som dyr kan dø av.

Hvis vi ikkje tar vare på naturen kan det føre til at ungdom går mindre turer, er mindre ute og mer inne på telefon og sånn og i mindre aktivitet – dårlig for både fysisk og psykisk helse. Tror naturen er viktig generelt trivsel i det daglige også. Jeg tror man har det bedre i vakre omgivelser og naturen er blant de vakreste.

Korleis er naturen på Sula om 20 eller 50 år?

Mitt håp er at naturen for det meste forblir som den er nå. Men i realiteten trur eg ikkje at naturen forblir som den er. Det er om det går som det er.

Trur dessverre det er mindre natur meir utbygd, tristere visuelt sett.

I stede for å bygge ut meir natur kan man ivareta og pusse opp gamle ubrukte bygg, mindre forsøpling, rydde i naturen-

Blir ikkje mulig å gå tur i den fine skogen om den ikkje er de. Ungdomsskolen kan ikkje lengre bruke fjellet eller «Vasset» til tur.

Korleis kan vi ta vare på naturmangfaldet på Sula?

Lage en konkret plan for hva/hvor det er lov å bygge sånn vi ikke bygger vekk naturen.

Jeg håper sula har tatt godt vare på naturen men jeg er redd for at vi ikke får det til fordi man blir mer opptatt av kortsiktige gevinster i økonomi næring og industri enn de langsiktige gevinstene ved å ta vare på naturen.

Vi må sette tydelige mål og grenser for forvaltningen av naturen som tenker langsiktig og berekraftig.

Korleis kan kommunen sikre at ungdom får god informasjon om naturmangfald?

Snakke om det på skolen i (naturfag). Kommunen kan innføre temaet inn i skolen f.eks i naturfagstime og via MOT kan også bruke sosiale medier for å informere ungdom.

Snakke om det på skolen eller ha felles forestilling i aulaen.

Kva informasjon vil du ha om naturmangfald?

Lære konsekvenser og fordeler med det og hva det er.

Hva det er og hvordan vi jobber med det og hva skjer om vi ikkje tar vare på naturmangfoldet.

Vere meir ute i skolen vise kor verdifult naturen er for dei som er yngre

Bli meir opplyste om kva som blir bygd ut og kva av naturen som blir fjerna/hugget ned.



Bakkeviken, lømyra, sandviksfjøra, vassetvatnet. Det er møteplasser der en kan vere sosial det er diskogolf, strender og fiske

Har du ein stad på øya dei er spesielt glad i?, kvifor?

Vågen, tusenårsplassen, devoldkaia, lømyra, eikrem, utsikt og natur

Vassetvatnet fordi det er sentral del av langevågen, sosial møteplass med fotbllbane, bading og skøyteis

Kva tenkjer du om dette området vart brukt til å bygge ein veg eller eit bygg der?

Dumt og trist om vassetvatnet er et fint område der mange er, dumt å miste naturen

Eikrem – det kunne h vert litt unødvendig fordi det allerede ikke masse plass der her snakker jeg om vei, en hus er grei

Hadde blokkert for utsikten og vi hadde ikkje fått så mye ut av den fine plassen

Det spørs på kva type bygg og kor det er plassert. Men bygg i naturområder kan føre til fleire folk og meir forsøpling og mindre urørt natur

Om du tenker så langt fram at du er bestemor eller bestefar kva har Sula tatt vare på fordi du bidrog og gjorde noko for å ta vare på naturen?

Sula har tatt vare på kystområda fjell og fine og viktige naturrområder.

Mindre søppel: ha meir lyst å gå tur og man kommer sikkert til å føle seg mer trygg, ikke bare mennesker, men også dyr.

Forhåpentligvis litt av naturen skogen vassetvatnet heile sjøfronten holmane må få vere i fred.

Hindre deponi i naturen ikkje bygge ut meir enn nødvendig, mange søppelkasser (mindre forsøpling)

Kysten ved Devold, Sandvika, Mausavatnet og skogen generelt.

Liker kysten, steder ved sjøen hvor man kan nyte vakker utsikt og natur, og som fungerer som møteplasser berre det har benker eller noko.

Kva gjorde du?

Eg brukte faktisk de områda i stede for bare å snakke om dei.

Eg resirkulerer kaster søppel i søppelkassa og ikkje i naturen, plukker søppel nokre gonger



3. Medverknad – Sula ungdomsskule

Innspel med bileter frå valfag friluftsliv på 8.trinn 08.05.2026:

1. Korleis brukar du naturen på Sula i dag?

Gå tur og den er fin så det er behagelig å vere med naturen.

Eg likar å gå på tur med familie ofte på fjellet eller bare i skogen. Også liker eg å bruke pinner og sånt til å lage trehyttleiker, telter der og griller, går på tur med familie og hund og noen ganger ikkje så ofte no lenger da fisker eg og utsikt.

Eg spiller fotball, eller spilla discgolf og eg fisker.

Eg brukar den til å ha det gøy og gå tur der.

Eg fiskar, teltar og går på tur

Eg bruker den til mest friluftsliv, fising, tur/utforskning og masse anna. I naturen er kanskje vatn viktigst for meg, fising, bading og kjøre båt er nokken av det eg like mest med vannet

Går tur og er mye ute det er veldig fint i skogen og er fredelig, eg bruker av og til og lage bål. Det er veldig fint og fiske i sula og gåpå fjellet.

Eg brukar naturen på Sula i dag til å gå tur, være ute, kaste disk og koble av fra kvardagen.

Går tur og er mye ute det er veldig fint i skogen og er fredelig, eg bruker av og til og lage bål. Det er veldig fint og fiske i sula og gåpå fjellet, Natauren her på sula er veldig fin.

Eg brukar naturen til blant anna å, fiske, gå tur, parkourog generelt berre nyte den så godt eg kan-.

Eg har alltid brukt naturen på Sula. Vi har gått mykje tur i fjøra, på fjellet og i marka. Vi har og brukt mykje naturen i båt. Eg likar framleis å gå turar, spesielt om kvelden.

2. Kva for stad på øya er du spesielt glad i? Kvifor?

Vassetvatnet, det er gøy å bade der om sommaren.

Fiskarstrand eg elsker det der fordi eg bor der og har bodd der hele livet mitt.

Eg likar spesielt skogen på vedde, det er så fin natur der og eg håper det fortsatt kan vere sann. Det er gøy å gå på tur med familien min.

Eg er glad i Lømyra fordi der kan eg spille disc og fotball og eg elsker å bade der om sommaren.

Lømyra, det er veldig fint der.



SULA KOMMUNE

Eg er spesielt glad i Langevåg, eg er glad i det fordi det er mange fine plasser og ein fin plass man kan finne på mye foreksempel gå på tur, fiske, vere ute med venner.

kvassneset. Pga man har veldig bra utsikt på fjella, som går inn i sykkylven og hjørundfjorden.

Solavågen og Leirvåg fordi Leirvåg er der eg har butt dei siste 7 åra, og solavågen har berre veldig fin natur og veldig eit livleg mangfald i naturen.

Eg er spesielt glad i Sandviksfjøra for det er gøy å bade der, du kan spille volleyball der og der er fin solnedgang der.

Innspel med bileter frå klasse 10a. 20.05.2026:






3. Medverknad – Ålesund vidaregånder VG1

samfunnsfag og naturfag, forskerlinjen 01.06.2026.

Korleis bruker du naturen på Sula, eller der du bur i dag?



Dersom vi ikkje tek vare på naturmangfaldet, kva konsekvensar vil det ha for ungdom? (Du er ungdom no, og kan vi tenke at dei som er ungdom skal ha noko av det du set pris på?)



Det kjem fram i bileta ovanfor nokre av innspela frå elevane. I etterkant av arbeidsøkta vart det lagt til rette for diskusjon og drøftingsdialog, leiar av nestleiar av Sula ungdomsråd.

Dialogen handla om refleksjonar rundt spørsmåla, kva ein kan ta med seg frå arbeidsøkta og kvifor dette viktige temaet engasjerer. Her vart også ordet sekundærsosialisering løfta fram og drøfta, og korleis sekundærsosialisering kan verke til å auke medverknad i denne temaplanen. Å lære av kvarandre noko som gjer at den enkelte endrar åtferd som tek vare på naturmangfaldet er det stor semje om, er bra for naturen og artsmangfaldet.

Ålesund VGS - sekundærsosialisert



Sekundærsosialisering kan innehalde medverknad fordi:

- Fleire vel i ta del i sosiale fellesskap
- Fleire lærer å uttrykke meiningane sine
- Fleire påverkar og blir påverka av andre, og får eigarskap



4. Kartdøme frå [naturbase](#)

Miljødirektoratet sitt kartdatagrunnlag

[Naturbase: Natur og miljø på kart - miljødirektoratet.no](#)

[Tilstand for naturmangfold i Ålesund](#) – henta frå Ålesund kommune. Informasjon frå Ålesund som ligg nord for Sula kommune i kort avstand kan ha viktig informasjon som kan vere nyttig i kartleggingar og dokumentasjonsinnhenting også i Sula kommune.



Grå arealer er områder som allerede er tatt i bruk eller sterkt påvirket av menneskelig bygge- og anleggsaktivitet, inkludert:

- bebyggelse (boliger, næringsbygg, offentlige bygg)
- konstruksjoner (veier, gater, parkeringsplasser, bruer og tunneller)
- permanente overflater og tilhørende arealer (asfaltflater, betongdekker og steinlagte områder)

Grå arealer står i kontrast til grønne områder som for eksempel skog, myr, landbruksjord og parker, og blå områder som vann, elv og sjø.

Friluftsliv

Sjå grønt kryss framfor val:





SULA KOMMUNE




Naturbase kart

Kartlagsliste Tegnforklaring

Filter lag etter tittel ...

- FRILUFTSLIV
 - Kartlagte og verdsette friluftslivsområder
 - Statlig sikra friluftslivsområder
 - Verneede friluftslivsområder
 - Friluftslivets ferdselsårer - dekning
 - Tur- og friluftstruter



Naturbase kart


Kartlagsliste Tegnforklaring

LANDSKAP

Landskapstyper, Natur i Norge

Landskapstyper

- Innlands- og fjellandskap
- Innlandsdallandskap
- Innlandslettlandskap
- Kyst- og kystfjellandskap
- Fjordlandskap
- Kystlettlandskap
- Marine ås- og fjellandskap
- Marine dallandskap
- Marine slettlandskap




Naturbase kart

Kartlagsliste Tegnforklaring Resultater

Filter lag etter tittel ...

- AREALRESSURSER OG AREALBRUK
 - Kommuneplaner (landsdekkende kopi)
 - Forsvarets skyte- og øvingsfelt
 - Arealressurskart - AR50
 - Arealressurskart - FKB - AR5
 - FKB-Grønnstruktur
 - Kart over grå arealer - Versjon 1




Naturbase kart

Kartlagsliste Tegnforklaring Resultater




Filter lag etter tittel ...

- AREALRESSURSER OG AREALBRUK
 - Kommuneplaner (landsdekkende kopi)
 - Forsvarets skyte- og øvingsfelt
 - Arealressurskart - AR50
 - Arealressurskart - FKB - AR5
 - FKB-Grønnstruktur





Arter - naturbase





Naturbase kart

Kartlagsliste Tegnforklaring Resultater

Filter lag etter tittel ...

- NATURFARE OG AKTSOMHET
 - Kvikkleire skredfare
 - Kvikkleireskred aktsomsområder
 - Fjellskred
 - Skredfasoner
 - Skred aktsomsområder
 - Flomsoner
 - Flom aktsomsområder
 - Radon aktsomhet

Finn frem i kart Søk og filter Tegne og mål Mitt innhold Analyse

Kartlagsliste Info Identifiser Bytt resultatvisning Zoom til første visningspunkt Zoom til forrige kartvisning Zoom til neste kartvisning

Søk etter ...

Målestokk 80000

2 km



Naturbase kart

Kartlagsliste Tegnforklaring Resultater

Filter lag etter tittel ...

- NATURFARE OG AKTSOMHET
 - Kvikkleire skredfare
 - Kvikkleireskred aktsomsområder
 - Fjellskred
 - Skredfasoner
 - Skred aktsomsområder
 - Flomsoner
 - Flom aktsomsområder
 - Radon aktsomhet

Finn frem i kart Søk og filter Tegne og mål Mitt innhold Analyse

Kartlagsliste Info Identifiser Bytt resultatvisning Zoom til første visningspunkt Zoom til forrige kartvisning Zoom til neste kartvisning

Søk etter ...

Målestokk 80000

2 km



Naturbase kart

Kartlagsliste Tegnforklaring Resultater

Filter lag etter tittel ...

- NATURFARE OG AKTSOMHET
 - Kvikkleire skredfare
 - Kvikkleireskred aktsomsområder
 - Fjellskred
 - Skredfasoner
 - Skred aktsomsområder
 - Flomsoner
 - Flom aktsomsområder
 - Radon aktsomhet

Finn frem i kart Søk og filter Tegne og mål Mitt innhold Analyse

Kartlagsliste Info Identifiser Bytt resultatvisning Zoom til første visningspunkt Zoom til forrige kartvisning Zoom til neste kartvisning

Søk etter ...

Målestokk 80000

2 km